



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

23.08.2022

Vår ref:

2019/18556

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Tilbakemelding etter møte - Alver (Meland) - 310/39 m fl - Holme - bustadføremål - detaljregulering

Vi viser til dialogmøte om reguleringsplan for Holme den 23.08.2022. Kommunen ønska ei foreløpig oppsummering av møtet, med hovudpunkta i frå diskusjonane.

Oppsummering

Statsforvaltaren vurderer at det ikkje bør vere meir enn maksimalt 20 einingar i dette planområde, og at det er problematisk at det berre er regulert ein lita del av bustadområdet sett av i kommuneplanen.

Kommunen var opptatt av at dei ønskje å ta heile kommunen i bruk, og ha vekst i distrikta også. Statsforvaltaren var oppteke av at denne veksten må vere balansert, og ikkje vere i strid med statlege føringar som Statlege planretningslinjer for bustad-, areal- og transportplanlegging.

Kommunen ønsker klarheit i om Statsforvaltaren vil si maksimal 20 einingar, sjølv om planområdet vert utvida. Kommunen meiner også at dei kan vurdere resterande bustadområde i kommuneplanprosessen. Dette vart diskutert. Statsforvaltaren vurderer i utgangspunktet at bustadområdet bør ha maksimalt 20 nye einingar og at dette bør gje rom for ein tilstrekkeleg vedlikehaldsvekst på Holme. Statsforvaltaren var også skeptisk til å vente på avklaring for resten av bustadområdet til kommuneplanprosessen. Det vil vere uheldig om det skulle kome ein oppstart for regulering i mellomtida.

Statsforvaltaren rår sterkt til at kommunen regulerer heile området samla, og ser på kva tal bustader ein kan tolke i område særleg med tanke på bustad areal og transport, energibruk, klima, landbruk, landskap, vassdrag og rasfare.

ROS-analysen vart kort diskutert. Kommunen skal sende revidert ROS-analyse når den er klar.

Det vart satt frist for uttale til 13.09.2022. Då vil Statsforvaltaren ta stilling til om det er naudsynt å fremje motsegn til planen, slik den ligg føre. Om kommunen ønskjer å gjere endringar i planen etter dialogmøtet, ber vi om tilbakemelding på dette.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent